

Fogn Grendalag, styret.

Referat frå møte torsdag 30.januar 2014.

Møtestad: Fogn oppvekssenter.

Møtetid: kl.19.30 – kl.21.15.

Varaordførar, Jon Olav Runestad, var invitert til kl.21.00 for å orientera om prosessen fram mot ny transportplan. Han blei forhindra for å koma.

Styremedlemmane Inger Marie, Terje og Merete var også forhindra for å koma.

Sak 1.Prosjekt Livleg Engasjement.

Me drøfta innhaldet i referatet frå Povl Nørgaard som var godt dekkande for engasjementet onsdag 22.januar.

Møtet 22.januar blei leia av Povl. Han er tilsett på deltid som prosjektmedarbeidar av Ryfylke Næringshage for å arbeida med dette prosjektet.

I invitatsjonsplakaten for møtet skreiv han:

«Kort fortalt er prosjektet en invitasjon til grendelag/frivillige organisasjoner/andre ressurser i lokalsamfunnet om å medvirke til å skape enda bedre vilkår for bosetting og næringsutvikling i Finnøy kommune. Dette som et bidrag for å realisere visjonen om **Dei lyse levande øyane**, mobilisert fram i prosjektet Vital Rural Area (levande bygder)».

I mail til underteikna bad Povl om i alt maks 10-12 personar skulle inviterast.

Medrekna møteleiaren blei vi alt 15.

«**Uforutsigbarhet**» var eit stikkord som ofte blei gjenteke under møtet.

Dette gjeld boligutbygging der tomter ikkje blir klargjort grunna høge kostnader for å få på plass sykkelsti og anna som instansar utanfor oss krev.

Fogn oppvekstsenter. Kommunen raslar med sablane og vil leggja ned i første omgang mellomtrinnet på dei små skulane. Førebelts er vi freda, men kor lenge gjeld det, heilt til neste vedtak?

Infrastrukturen. Får vi behalda noverande rutestruktur av til dømes hurtigbåtar i framtida?

Klarer vi å få til vekst der visjonen er «**400 pluss**», når vi skal leva med desse noko usikre momenta.

Korleis **skapa optimisme** att, var elles eit av spørsmåla?

Fogn Grendalag vil saman med dei andre grendalaga i kommunen få i stand **eit organisert samarbeid** på tvers av grendalaga.

Det kom elles fram at det var **høg trivsel** på øya med aktive lag og organisasjonar der dei fleste aldersgrupper hadde gode tilbod. «**Tour de Fogn**,» blei nemnd i denne samanhengen.

Konklusjon:

- Grendalaget vil ta kontakt med privatpersonar som sit på einskild tomter. Er dei villige til å marknadsføra desse?
- Grendalaget trur at dersom ein tillet husklyngjer, så vil det bli lettare å få klargjorde tomter til ein overkommeleg pris.
- Grendalaget vil be om eit møte med kommunestyrepolitikarar frå dei tre partia som er representerte frå Fogn. Vil også i same møte invitera personar frå næringsliv og organisasjonar. Slik kan ein få til drøftingar som kan føra til signaler vi pålegg politikarane å ta med rette instansar.
- Få i stand eit organisert samarbeid med dei andre grendala.

Sak 2: Komande årsmøte.

Styret var samstemde om å invitera Povl Nørgaard frå «Prosjekt Livleg Engasjement». Han har sagt ja til å koma, og vi legg årsmøtet til torsdag 10.april 2014. Årsmøte papirer vil bli sendt ut i god tid på førehånd.

Sak 3: Skinnvika.

Kristoffer er dugnadsgeneral for Skinnvika og kallar inn til ein siste dugnad slik at Silke Ullrich kan kom på synfaring og godkjenna prosjektet vårt. Først då kan vi få våre omsøkte pengar.

Sak 4. Reklame på Fogn.org.

Mari Anne, Kristoffer og Håvard(ressursperson) har utført godt arbeid. To annonsørar er på plass og tre andre er i kjømda. Dette gir sårt tiltrengte inntekter til Grendalaget, og sjølvsagt skal ressurspersonen ha sin del. Her har vi funne fram til ein fordelingsnøkkel.

Sak 5. Samferdsel.

Vi er litt orienterte gjennom siste dagars skriverier i Stavanger Aftenblad. Jon Olav Runestad som skulle gi oss ei lita orientering var forhindra.

For styret

Jostein